



# Styremøte

---

## Tid og stad:

Onsdag 1. februar 2017 kl. 18.00 på klubbhuset.

## Saksliste:

- Sak 01/17 Hall-saken på Larsnes
- Sak 02/17 Årsmøte
- Sak 03/17 Instruktør til treningsstudioet
- Sak 04/17 Eventuelt

## Oppmøte:

Leiar Anne Bjørg Bringsvor, nestleiar Endre Vorren, sekretær Eirik Voksøy Bringsvor, kasserar Svein Helge Bringsvor, vara Gunnhild Bringsvor.

## Forfall:

Styremedlem Knut Olav Skare.

## Referat:

### *Sak 01/17 Hall-saken på Larsnes*

For ei veker tid sidan kom det fram i media at Larsnes Idrettslag skuldar Sande kommune opp til 4,5 millionar kroner i samband med bygginga av fleirbrukshallen på Larsnes. Partane er ikkje einige om det eksakte beløpet. Rett i etterkant av at dette vart kjent, forfatta idrettslaga i Gjerdsвика og i Gursken eit brev som kom på trykk i Vestlandsnytt førre fredag. Dette brevet vart sendt også til oss, med spørsmål om vi ville stille oss bak det. Via samtale per e-post vart vi einige om å ikkje gjere det.

Vi synest det var for kort frist til å svare på, og vi meiner at fleire fakta må på bordet før vi eventuelt tek affære.

**Vedtak: Vi avventar saken i alle fall til dei involverte partane har lagt ein vidare plan.**



*Sak 02/17*    *Årsmøte*

- Onsdag 1. mars kl. 19. Anne Bjørg spør om lån av rom på skulen.
- Sakliste: Som i fjor, pluss oppsummering av klubbhusprosjektet.
- Svein Helge lagar eit forslag til budsjett.
- Eirik lagar oppslag og publiserer på Internett. Skriv årsmelding, og sender denne på høyring til dei andre i styret, før endeleg forslag til årsmøtet.
- Innstilling til medlemskontingent: Uendra.

*Sak 03/17*    *Instruktør til treningsstudioet*

Det har vore ønskje frå abonnentane ved treningsstudioet om å få enkel opplæring i bruk av apparat, og utføring og val av øvingar. Anne Bjørg har vore i kontakt med Hans Emil Toftesund Thunem, som er barnebarnet til Petter og Liv, og jobbar som personleg trenar i Sykkylven og Ålesund. Han vil kome ein tur.

Det vart føreslege ein laurdag og søndag med to timar kvar av dagane, der damer kan kome den eine dagen, og herremenn den andre. Etter normal lønn ville det ha kosta 2 600 kroner, men Hans Emil ville å få til ein «hyggeleg pris».

**Vedtak: Anne Bjørg avtalar med Hans Emil så fremt prisen vert under 2 500 kroner, og lagar til oppslag og informasjon. Merk at tilbodet også er for dei som ikkje er abonnentar.**

*Sak 04/17*    *Eventuelt*

- Medlemskontingent vert sendt ut etter årsmøtet.
- Det er meldt på to fotballag til kretsserien, G14 og J14. Seinare vert også G10 påmeldt. Bjørn Thore vil ta kontakt med Larsnes med spørsmål om dei yngste her ute og der inne kan trene i lag av og til.
- Eirik tek kontakt med Ragnhild Våge Støyle med spørsmål om skulen vil ha tilbake tredemølla og romaskina vi fekk til treningsstudioet, eller om vi kan selje eller gi bort sjølv. Apparata fekk ikkje plass i treningsstudioet.

Møtet var slutt like før 20.00.